



Volda Turn- og Idrettslag FOTBALL
Pb 135, 6101 Volda
Stadionvegen 7, 6100 Volda
Org nr 981951921
Bankkonto: 3991.10. 38742
www.vti-fotball.no

- ein breiddeklubb det skal vere råd å verte best i

Volda februar 2018



VTI Fotball

ein breiddeklubb det skal vere råd å verte best i

PROTOKOLL

26.02.2018





Årsmøte 2018

VTI FOTBALL

Volda Stadion - Klubbhuset

Mandag 26. februar 2018

Innhold

VAL.....	3
Val av dirigent.....	3
Val av referent.....	3
To personar til å signere protokoll	3
Godkjenning av innkalling og sakliste.....	3
Årsmelding, herunder gruppeårsmeldingar	3
Revidert rekneskap for 2017	3
Innkomne saker	3
Speletid.....	3
Treningsavgift.....	3
Strukturendring	3
Fastsetjing av treningsavgift.....	6
Budsjett 2018	6
Forslaget er enstemmig vedteke av årsmøtet.....	6
Val.....	7
Det fylgjer 2 vedlegg med Årsmeldinga	7

VAL

Val av dirigent

Lars Petter Lillebø

Val av referent

Solveig Storeide

To personar til å signere protokoll

Malene Rovde og John Rotevatn

Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent

Årsmelding, herunder gruppeårsmeldingar

Solveig Storeide går kjapt gjennom årsmelding. Den har vore distribuert i klubben i ei veke, så alle har tilgong til den.

Godkjent.

Revidert rekneskap for 2017

Eivind Dahl går gjennom rekneskap for 2017

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner VTI fotball sin rekneskap for 2017.

Godkjent

Innspel: få synliggjort betre all verdi som ligg i gåvene som vert gitt til klubben langsmed i frå lokalt næringsliv/bedrifter her. Få det inn i note til rekneskap 2018.

Innkomne saker

Speletid

Forslaget er enstemmig vedteke av årsmøtet

Treningsavgift

Forslaget er enstemmig vedteke av årsmøtet

Strukturendring

Forslaget er enstemmig vedteke av årsmøtet

a) SPELETID:

Framlegg til årsmøtet i Volda fotball, februar 2018:

Forslagsstillar: Johann Roppen og Kenneth Nydahl.

Framlegg:

VTI Fotball ønskjer at flest muleg spelar fotball lengst mulig. Spelarar i barne- og ungdomsklassene som er tekne ut til ein kamptropp skal difor få spele minst 30 minutt av ein kamp - eventuelt ein omgang for kampar der ein omgang er kortare enn 30 minutt. Spelarar som ikkje blir tekne ut til ein kamptropp skal få melding om kvifor dei ikkje er tatt ut. Dette gjeld også på turneringar.

Grunngjeving av framlegget:

VTI Fotballs sportslege plan seier at spelarar i ungdomsklassene som er tekne ut i ein spelartropp skal spele minst 30 minutt av ein kamp. I forslaget som er lagt fram for årsmøtet er det presisert at for kampar der ein omgang varer kortare enn 30 minutt, så får spelarar spele minst ein omgang.

Føremålet med dette er at fleire spelarar skal halde på lenger med fotball ved at dei får eit kamptilbod. Dessverre ser det ikkje ut til at denne regelen har vorte praktisert i heile klubben. Gjennom eit årsmøtevedtak burde det vere veldig tydeleg kva klubben ønskjer og gjere det lettare for styre og sportsleg utval å formidle korleis klubben skal drivast. Ikkje minst er dette viktig på turneringar, som til dømes Danacup som ofte involverer både spelaren og familien. Spelarar som ikkje blir tatt ut til ein kamptropp bør få beskjed frå trenar om kvifor dei ikkje er tatt ut. Det kan blant anna vere på grunnlag av ubetalt treningsavgift eller medlemskontingent og dermed manglande forsikringsdekning.

b) TRENINGSAVGIFT

Heng noko i hop med sak 3.

Treningsavgift

ALDER	NO	FORSLAG	FFO + lag	Endring
6	500	750,-	500,-	250,-
7	1 500	1 600,-	1 200,-	100,-
8	1 500	1 600,-	1 300,-	100,-
9	1 500	1 600,-	1 400,-	100,-
10	1 900	2 100,-		200,-
11	1 900	2 100,-		200,-
12	1 900	2 100,-		200,-
13	2 500	2 700,-		200,-
14	2 500	2 700,-		200,-
16	2 900	3 000,-		100,-
JR	3 000	3 100,-		100,-
Volda 2	3 000	3 100,-		100,-
Senior	3 500	3 600,-		100,-

Søskenederasjon

Barn nr 2: 10%

Barn nr 3: 30%

Barn nr 4+ : 50%

Nye fordelar som medlem ☺ :

Gratis lån av Minibuss og Vivaro (betaler berre for drivstoff).

Heilårstrening.

Mindre administrering på lagsnivå, klubben tek meir.

FFO-trenarar på dei yngste laga.

Klubbtrenarar f.o.m J/G 16.

Rimeleg leige av klubbhuset, som medlem. Gratis for lagsaktivitet.

REFUSJON til laga:

Laga med betalte klubbtrenarar får ikkje refusjon av treningsavgift.

c) STRUKTURENDRING v/Administrasjon og Sportsleg Utval

Om Sak 2 vert nedstemt/justert, kan ikkje sak 3 gjennomførast slik den står.

Om det skjer så ber vi Årsmøtet om å få spele inn sak 3 til Styremøte i ettertid, med naudsynte justeringar etter økonomi

Sjå VEDLEGG 2.

Omhandlar NÅR det skal vere klubbtreningar og -styring, og når det skal vere foreldretreningar og -styring. Påverkar også økonomi og treningsavgift, så sak 2 og 3 heng noko i hop.

Fastsetjing av treningsavgift

Hovudstyret i fotballgruppa ynskjer å endre kontingentane for 2018. Sjå innmeldt sak.

I tillegg til treningsavgifta kjem ein medlemskontingent på 125,-/250,- (born/vaksen) til VTI Allianse.

Vedteke i innmeldt sak.

Budsjett 2018

Eivind Dahl legg fram budsjett for 2018.

Budsjetterer med liten vekst.

Årsresultat på ca 200'.

Inntektsøkning på 6%.

Vesentlig meir konservativt budsjett for 2018.

- Bedre fundert og viktig læring innarbeidd

- Lav risikoprofil

Forventer meir organisk og begrensa vekst vidare

Forslag til vedtak

Årsmøtet godkjenner VTI fotball sitt budsjett

Forslaget er enstemmig vedteke av årsmøtet

Val

- a) styre
- b) Kontrollkomitè
- c) Valnemnd

Hovudstyret 2017

- Lars-Ove Hammer - trer av
- Eivind S Dahl - trer av
- Frode Kile - trer av
- Malene Rovde - trer av
- John Ove Høydal - har eit år igjen
- Marita Bjerkvik - har eit år igjen
- Tore Sørheim - gjenval
- Linda I Breivik - gjenval

- Audun Høidal – NY Leiar 2018
- Magne Johnny Krumsvik – NY Nestleiar 2018
- Frank Vatne – NY styremedlem 2018
- John Ove Høydal – frå vara 2017 til styremedlem 2018
- Marita Bjerkvik – frå vara 2017 til styremedlem 2018
- Tore Sørheim – gjenvalgt
- Linda Breivik – gjenvalgt

- Edvard Nordstrand Tødenes – vara
- Hanne Iren Øyra - vara

Valnemnd

2016 og 2017:

- Hanne Øyra
- Stian Bjerkvik

2018 og 2019:

- Lars-Ove Hammer
- Eivind Dahl

Det fylgjer 2 vedlegg med Årsmeldinga

1. Sesongnotat frå laga
2. Sak 2 om strukturendringar